

### › BESØKSREKORD I 2009

Jærmuseet hadde i 2009 eit totalt besøkstal på 144 244, mot 114 333 i 2008. Dette er ei auke på 20,1%. Mest besøk hadde Vitenfabrikken med 69 321 besøkande i sitt fyrste, heile driftsår. Jærmuseet overtok i 2009 driftsansvaret for Tungenes Fyr, her var totalt 15 000 innom. 2010 er allereie godt i gang, og besøket så langt ser veldig bra ut. I april/mai opnar óg våre lokale anlegg, som i år tilbyr fleire aktivitetsdagar enn tidlegare.

### › JÆRMUSEET VERT DIGITALT

Frå og med 18. mars blei Jærmuseet óg eit digitalt museum, over 4000 foto og gjenstandar frå Jærmuseet sine samlingar er no tilgjengelige på nett. Tradisjonelt har samlingane til museet blitt kjende gjennom utstillingar, men det er berre ein brøkdel av dei totale samlingane som kan bli vist fram på denne måten. Jærmuseet håpar at ved å leggja foto og gjenstandar ut på nett så vil ein kunne opna museet og historia opp for allmennheita, og publikum kan enkelt søka seg fram til den informasjonen dei måtte ynskja. 18. mars la Jærmuseet ut totalt 2000 foto frå Øglænd, Polaris, Sandnes og gamle Kverneland fabrikk - og 2400 gjenstandar hovudsakleg frå landbruk, t-skjorter og lokalsamlingar til Hå Bygdemuseum. Fleire foto og gjenstandar frå samlinga

Over 2000 bilete frå samlingane til Jærmuseet er no tilgjengelige på nett. Blandt anna kan du finne fleire bilete frå Øglænd si fotosamling.



vil bli lagt ut fortløpande. Foto og gjenstandane er søkbare på <http://www.digitaltmuseum.no/>

### › REGIONALE VINNARAR I "UNGE FORSKERE"

Vitengarden har dei siste åra vore arena for den regionale finalen i konkurransen Unge Forskere. Torsdag 18. mars fann finalen stad, og utdelinga av prisane stod Forskingsminister Tora Aasland for. Av over 180 innsendte bidrag så var heile 52 deltakarar frå Rogaland. På Vitengarden vart det delt ut pris til beste ungdomsskule, ein pris i humanistisk klasse og ein pris i naturvitenskaleleg klasse. Alle vinnarane går direkte til finalen i Oslo i april. I år var berre ein ungdomsskule representert og det var Samfundets skole og elevane Leif Arne Korsmo og Brian Thorse. Dei har sett på utbreinga av sel i Rogaland og konfliktane rundt sel. I humanistisk klasse så vann Louse Cerys Heavy frå Internatinal School of Stavanger for sitt forskingsprosjekt om behandlinga av ein type krigstraumer, såkalla "shell shock". I naturvitenskaleleg klasse så fekk Sophie Rae frå Internatinal School of Stavanger 1. premie for hennar studier om stålsåpa er eit effektivt luftfjerningsmiddel - slik som annonsen påstår. Alle vinnarane viste solide studier med veldig høg kvalitet. Vitengarden gratulerar vinnarane med sigeren og ynskjer lukke til i Oslo!

Vinnarane i den regionale finalen for Unge Forskere, saman med prisutdelarane.



### › SCIENCE CIRCUS PÅ CSI-OPPRDAG

Jærmuseet sitt omreisande vitensenter på hjul, Science Circus, har vore på Universitet i Agder i Kristiansand og lært 10. klassingar å laga fantomteikningar som ein del av ei større etterforskning av eit fælt tjuveri av pokaler frå fotballklubben IK Start. Gjennom ein introduksjonsfilm fekk elevane bakgrunnsviden om oppdraget og gjennom arbeid på ulike laboratorier skulle dei løysa oppgåva med å finna den skyldige personen. Science Circus bidro med grunnleggjande idear til opplegget og var ein del av fysikkklubben, kor elevane skulle teikna ei fantomteikning av ein ukjent mistenkt i saka ved hjelp av eit rektig fantomteikningsdataprogram. Den ukjente mistenkte var til deira overrasking deira eigen lærar! Dette sporet var dog eit blindspor - akkurat som det skjer i den virkelige verdas kriminaletterforskning. Elevane var engasjerte og ivrige i arbeidet med den spesielle oppgåva - og ei av jentene erklærte etterpå: "Eg trur eg vil vera CSI-etterforskar!". For å bli CSI-etterforskar må ho studera realfag - som nettopp er målet med prosjektet - rekruttering av elevar i ungdomsskulen til å velga realfag på universitetet! Prosjektet er eit samarbeid mellom Universitet i Agder, Vitentimen og Jærmuseet.

10. klassingane i Agder studerar hår- og tøyfibre som forbrytaren har etterlete seg.



## > MILLIONGÅVER TIL NASJONALT GARBORGSENER

Måndag 16. mars inviterte Nasjonalt Gaborgsenter til pressekonferanse i Høghuset på Bryne. Gladmeldinga som blei lagt fram var at både Fritt Ord og Sparebankstiftelsen DnB NOR har begge løyvd 1,5 millionar kroner i gåve til Gaborgsenteret. Tidlegare har Fritt Ord óg løyvd 200 000 kroner til forprosjektet.

Pengane vil i si heilhet gå til utvikling av utstillingane, og pengane frå Sparebankstiftelsen er øyremerka mediarommet, eit av fleire interaktive rom i utstillinga. I si grunngeving på kvifor dei støtta Garborgsenteret, så la stiftelsen vekt på at senteret så klart og tydeleg rettar seg mot målgruppa 15 - 24 år, og involverar ungdommen sterkt i utforminga av senteret. Målet er at Gaborgsenteret skal opnast i løpet av 2011.

## > VITENFABRIKKEN MED I NYTT EU-PROSJEKT

UiS har teke initiativ, og invitert Vitenfabrikken med, i eit to-årig prosjekt gjennom EUs Livslang Læring program. Målet for prosjektet er å fremma kreativ læring med fokus på realfaga. Fire andre land er med i prosjektet; desse er Tyrkia, Bulgaria, Polen og Italia. Fyrste samlinga var i Bulgaria i januar, og i mai kjem gruppa til Sandnes og Vitenfabrikken. 8 lærarar frå vår region er inviterte med i prosjektet, og dei har kome med ulike ynskje på kva område dei treng å styrka realfagkompetansa si. På bakgrunn av desse tilbakemeldingane så har UiS, sman med Vitenfabrikken kome opp med ulike kurspakker som nå vert tilbuddt lærarane.

## > "DET SUGE!" PÅ VITENGARDEN

Sundag 21. mars opnar utstillinga "Det Suge!" på Vitengarden, ei interaktiv utstilling om vårt farlegaste dyr - Flåtten. Allereie torsdag 18. mars vart vidaregåande skular i området inviterte til å utforska utstillinga, samt få med seg foredrag for å læra meir om flåtten. Bakgrunnen for utstillinga er at det generelt er lite kunnskap om flåtten, samstundes som han spreier seg og stadig fleire ber med seg livstruande smittestoff - og i Rogaland. Dette vil Vitengarden arbeida for å retta på.



Biletet viser ein hoflått, ho kan du studere nærare på Vitengarden. Foto: Baxter

Utstillinga inneheld interaktive stasjonar for både barn og vaksne, mellom anna kan publikum ta eit "flåttkurs". Utstillinga blir utgangspunkt for formidlingsopplegg mot barnehagegrupper, grunnskulen og vidaregåande skular

## > DET SKJER - I VÅR:

Snøen har snart smelta, vipa er observert og det går mot lysare tider med fleire aktivitetsdagar på våre avdelingar:

### Sundag 21. mars: "Det Suge!", Vitengarden

Ny interaktiv utstilling om flåtten, publikum får óg studera dyret gjennom mikroskop. Populærvietskepelege foredrag med to av landets mest erfarne flåttforskarar, Preben Ottesen og Snorre Stuen.

### Sundag 28. mars: Eggande aktivitetar, Vitengarden

Me koker egg, arrangerar "eggmalingskonkurranse", og slakter ein kylling.

## Heile påsken:

### Påskeaktivitetar, Vitenfabrikken

Lær meir om påskeharen i Planetariet, tov egg og kyllingar og opplev eit forrykande kjemishow.

### Torsdag 15. april og framover:

#### "Kem e Sandnes" og "Sandnes på 12 minutt", Vitenfabrikken

Planetari-filmen "Sandnes på 12 minutt" og vår nye installasjon "Kem e Sandnes" er opne for publikum. I Planetariet inviterer me deg med inn i ein tidsmaskin der du får oppleva Sandnes frå istida og fram til 2160. I vår nye interaktive utstilling, "Kem e Sandnes" blir du betre kjent med Sandnesbuen - og får vera med og seie kva du meiner om både byen og folka.

### Laurdag 24. april:

#### Historisk Catwalk, Vitenfabrikken

Vi viser klær produserte i Sandnes de siste 120 åra. Arbeidsklær, bryllupskjoler, strikkegensre og mye mer for alle aldre!

### Sundag 25. april:

#### Rebusløp "Den grønne landsby", Vistnestunet

Ta turen på sykkel eller til fots i flotte Randaberg, der Vistnestunet er eit av stoppa langs ruta. Her vert det spørsmål og aktivitetar for heile familien.

## > NY AVDELINGSLEIAR PÅ VITENFABRIKKEN

Tone M. Haugen er tilsett som ny avdelingsleiar på Vitenfabrikken. Tone kjem frå stillinga som kultursjef i Randaberg kommune, der ho har vore sidan 2007. Før det var Tone kultursjef i Rennesøy. Ho er utdanna etnolog frå universitetet i Bergen og tek til i stillinga på Vitenfabrikken 1. mai.



Me ynskjer Tone M. Haugen velkommen når ho tek til i stillinga på Vitenfabrikken 1. mai. Foto: Ove Tennfjord